

**KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2236/97**

av 10. november 1997

**om endring av forordning (EØF) nr. 417/85 og (EØF) nr. 418/85 om bruk av artikkel 85 nr. 3 i traktaten på grupper av høvesvis spesialiseringsavtaler og forskings- og utviklingsavtaler(\*)**

(Tekst som er relevant for EØS)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellelesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2821/71 av 20. desember 1971 om anvendelse av traktatens artikkel 85 nr. 3 på grupper av avtaler, beslutninger og samordnet opptreden<sup>(1)</sup>, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 1,

etter at utkastet til forordninga er offentliggjort<sup>(2)</sup>,

etter samråd med Det rådgejvande utvalet for konkurransaker og

ut frå desse synsmåtane:

Kommisjonsforordning (EØF) nr. 417/85<sup>(3)</sup> og (EØF) nr. 418/85<sup>(4)</sup>, begge sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, om bruk av artikkel 85 nr. 3 i traktaten på grupper av høvesvis spesialiseringsavtaler og forskings- og utviklingsavtaler, sluttar å gjelde 31. desember 1997.

Kommisjonen har nyleg sett i gang ei gransking med sikte på å slå fast kva problem bruken av dei førnemnde forordningane har ført til for dei føretaka det gjeld. I samband med dette er det føremålstenleg å granske alle rettslege, økonomiske og politiske faktorar som er avgjerande for samarbeidet mellom føretak som driv verksemd på den same marknaden.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 10. november 1997.

For Kommisjonen

**Karel VAN MIERT**

Medlem av Kommisjonen

Det bør fastsetjast ein frist som er lang nok til at granska kan gjennomførast og resultatane vurderast, og til at det kan trekkjast konklusjonar for den framtidige reguleringa på området.

Dette arbeidet kan ikkje fullførast tidleg nok til at ei ny forordning kan vedtakast og kunngjerast før 31. desember 1997.

For å halde ved lag rettstryggleiken for føretak bør forordning (EØF) nr. 417/85 og (EØF) nr. 418/85 endrast slik at dei held fram med å gjelde inntil 31. desember 2000 -

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:****Artikkel 1**

I artikkel 10 i forordning (EØF) nr. 417/85 vert «31. desember 1997» endra til «31. desember 2000».

**Artikkel 2**

I artikkel 13 i forordning (EØF) nr. 418/85 vert «31. desember 1997» endra til «31. desember 2000».

**Artikkel 3**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellelesskapa*.

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 306 av 11.11.1997, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 107/97 av 2. februar 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIV (Konkurranse), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellelesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. L 285 av 29.12.1971, s. 46.

(<sup>2</sup>) TEF nr. C 190 av 21.6.1997, s. 3.

(<sup>3</sup>) TEF nr. L 53 av 22.2.1985, s. 1.

(<sup>4</sup>) TEF nr. L 53 av 22.2.1985, s. 5.